



Reinsa vatn frå Eikelva er reint vatn, sleg vassverkleiar Hans Reidar Kjærland fast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Vatnet som uskedalingane no får gjennom springen er betre enn nokon gong før og kunne ikkje vore reinare. Når Eikelva-vatnet er reinsa, er det garantert reint. Vassverkleiar Hans Reidar Kjærland slår dette fast for uskedalen.no i samband med at kommunen no offentliggjør analyseresultata for 2007.**

- Men det går fram av tabellane at det var kolibakteriar i råvatnet fire gonger, derav 200 pr. 100 milliliter i november og 23 pr. 100 milliliter i desember. Og det var ekolibakteriar i november og desember – henholdsvis 90 og 4.

- Jau, men det er ingen grunn til å uroa seg over dette. Slike bakteriar dukkar opp under flaumtilhøve og har som oftast samband med at det har vore dyr i området.

Eller for å vera meir eksakt: Koli er naturlege tarmbakteriar som stammar frå ville fuglar og dyr. Det kan ha lege kadaver i området.

Ekoli er tarmbakteriar som indikerer fersk ureining av avføring frå folk eller dyr.

Men vi har svært effektive reinsemetodar. Reinsesystemet fungerer 100 prosent.

Og alle prøvene frå 2007, som er analysert i laboratoriet til kommunen på Husnes, er betryggjande.. Etter at vi fekk den nye PH-justeringa i form av vannglas har vi auka ph-verdien ut på nettet mykje betre enn før, då vi nytta lut, opplyser Kjærland.

Dette året blir vassverket enda betre. Eit naudstraumsaggregat skal monterast i vinter eller til våren og til sommaren skal dei reisa den lenge planlagde lagerbyggnaden.

Av Ola Matti Mathisen



Uskedalingane får godt vatn frå Eikelva. Her er inntaket. (Foto: Ola Matti Mathisen)